

«Verden er en vakker bok, men den
er unyttig for den som ikke kan
lese» C. Goldin

«Å lese er for hjernen hva mosjon er
for kroppen».
J. Addison

Leseplan

Bryne skule



Forord:

Bryne skule har skuleåra 2013/2014 og 2014/2015 arbeidd med å laga ein leseplan.

I arbeidet med planen har me heile tida hatt elevane våre i fokus.

Korleis kan me arbeida med lesing for best å sikra at elevane får tileigna seg gode leseferdigheitar?

Kva kan me gjera for å motivera dei ulike elevane slik at dei opplever meistring ved å lesa?

Leseplanen skal vera eit arbeidsreiskap der målet er å gje elevane gode leseferdigheitar som gir dei inngangsport til å henta ut informasjon, og vidare til å tileigna seg kunnskap på dei fleste arenaer.

Planen er laga for at heile skulen skal gå i takt med tanke på å auka lesekompetansen til elevane. Det skal vera ein dynamisk plan som skal kunna endrast.

Planen skal og hjelpa lærarane til å rettleia føresette, slik at dei lettare kan følgja opp lesinga heime.

Leseplanen blei revidert august 2018

Bryne skule, juni 2017



Bønn

Å, mektige feer!
Gi mitt barn i faddergave
ikke bare helse og skjønnhet og rikdom
og alt det der som dere pleier å komme stikkende med.
Gi mitt barn lesehunger, det ber jeg om med brennende hjerte!
For jeg ville så gjerne at mitt barn skal få i sin hånd
nøkkelen til eventyrlandet,
hvor man kan hente den skjønneste av alle gleder
- slik burde hver eneste mamma tenke!

Astrid Lindgren
(og slik burde pappa også tenke)

Innhald:

Forventa leseutvikling etter 1. trinn	s. 3
Forventa leseutvikling etter 2. trinn	s. 4
Forventa leseutvikling etter 3. trinn	s. 5
Forventa leseutvikling etter 4. trinn	s. 6
Forventa leseutvikling etter 5. trinn	s. 7
Forventa leseutvikling etter 6. trinn	s. 8
Forventa leseutvikling etter 7. trinn	s. 9
Leseprosjekt	s. 10
Læringsstrategiar	s. 11
Foreldremøte – haust	s. 12
Kurs	s. 13
Å arbeida med lesing - alle trinn	s. 14
Leseflyt	s. 15
Skulebiblioteket	s. 16
Tips til høgtlesingsbøker	s. 17
Kjelder	s. 18
Vedlegg:	
Informasjon om kurs	s. 19
Knyttneveprøven	s. 20
Strategiar for å læra nye ord	s. 21
Lesehjelparen	s. 22
Tips til føresette	s. 23
Begynneropplæringsplan	s. 24

Leseutvikling

Forventa nivå etter 1. trinn

Fonologisk bevissthet	Ordavkodning	Leseforståing	Leseflyt	SOL
<ul style="list-style-type: none">- Kan høyra rim og sjølv rima enkle rim- Kan markera antal stavingar i ord- Kan lytta ut plassering av lydane i enkelte ord- Kan laga eigne ord med gitt lyd i starten- Kan lyden til og namnet på alle bokstavane i alfabetet- Kan binda saman opplesne lydar til ord- Kan dela ord opp i språklydar (analyse), t.d. bil til b-i-l	<ul style="list-style-type: none">- Kjenner igjen sitt eige ordbilete, kjenner igjen ordbilete på emballasjar- Prøver å lesa enkle ord ved å lesa første del av ordet og så gjetta resten- Kjenner igjen vanlege småord som eg, hei, og- Kan lesa enkle ord som sol og rev- Kan lesa stavingar	<ul style="list-style-type: none">- Kan lesa enkle ord og forstå kva dei tyder- Kan «lesa» bilete og forstå samanhengen i enkle bøker- Kan lesa enkle setningar og forstå innhaldet- Kan bruka teikne/tankekart	<ul style="list-style-type: none">- Kunna lesa enkle ord og setningar utan å lydplukka	<ul style="list-style-type: none">- 1.4: Viser interesse for å leika med språket, rim, regler og songar- 3.1: Har tileigna seg det alfabetiske prinsipp- 3.3: Kan binda saman opplesne lydar i korte lydrette ord, til ord (s-o-l til sol)- 3.4: Kan avkoda korte, lydrette ord ved hjelp av lydsamanbinding/samansynging



Leseutvikling

Forventa nivå etter 2. trinn

Fonologisk bevisstheit	Ordavkoding	Leseforståing	Leseflyt	SOL
<ul style="list-style-type: none">- Kan dela ord opp i språklydar (analyse), t.d. bil i b-i-l- Kan enkel fonem-subtraksjon, t.d. ta bort g frå gris og få ris- Kan fonemaddisjon, l eggja til ein lyd og høyra kva det nye ordet blir: s+kål blir skål	<ul style="list-style-type: none">- Kan lesa ord med diftongar som reise, gøy og sau- Kan lesa ord med enkle konsonant-samanbindingar: <u>sp</u>ela, <u>sn</u>ill, <u>st</u>or- Har automatisert diftongane- Har automatisert dei 50 vanlegaste småorda	<ul style="list-style-type: none">- Kan lesa og forstå lengre setningar, t.d. Når vi bruker sykkel, må vi ha på hjelm.	<ul style="list-style-type: none">- Kan lesa vanlege ord flytande- Kan lesa enkle ord og enkle setningar- Korrigerer feillesingar av vanlege småord spontant- Kan dela eit samansett ord, t.d. hoppe/tau- Kan lesa utan å lydplukka	<ul style="list-style-type: none">- 3.5: Kan peika ut enkeltord i setningar (har forståing for ord/setning)- 4.2: Kan kjenna igjen og framkalla alle bokstavane- 4.1: Har automatisert dei enkle bokstav/lyd-assosisjonane og diftongane



Leseutvikling

Forventa nivå etter 3. trinn

Fonologisk bevissthet/ ordavkoding	Leseforståing	Leseflyt	SOL
<ul style="list-style-type: none">- Kan fonembytte, t.d. høyra kva for eit ord det blir dersom ein bytter ut i med o i sil (sil blir til sol)- Meistrar grafem som ng, nk, kj-lyden, sj-lyden, j-lyden samt stum d- Kan lesa kompliserte konsonant-samanbindingar som sprik, sprake og struts- Kan lesa ord med fire og fem stavingar, t.d. kro-ko-dil-le, bi-bli-o-tek, ev-en-tyr-bok- Kan lesa nonord, t.d. pob, spintob, flirk- Har automatisert dei 200 vanlegaste orda	<ul style="list-style-type: none">- Kan lesa og forstå lengre setningar- Kan spørja kva nye ord betyr- Kan lesa enkle fagtekstar og forteljande tekstar som har fast struktur- Kan samtala og stilla spørsmål om det som er lese	<ul style="list-style-type: none">- Kan lesa enkle setningar med flyt og forståing, t.d. Musa med brun pels heiter Nils (innskoten setning)- Kan lesa enkle konsonant-samanbindingar med flyt (hoppa, flyttar)- Kan dela opp ordkjeder med opptil 4 enkeltord	<ul style="list-style-type: none">- 4.3: Kan avkoda nonord ved hjelp av lydbindingsstrategien- 4.4: Kan avkoda komplekse ord ved hjelp av lydbindingsstrategien- 4.5: Kan kjenna igjen dei vanlegaste småorda- 4.6. Kan lesa enkle tekstar og svara på "akkurat-der"-spørsmål (Foss)- Kan gjera setningar om til spørsmål

Leseutvikling

Forventa nivå etter 4. trinn

Fonologisk bevissthet/ ordavkodning	Leseforståing	Leseflyt	SOL
<ul style="list-style-type: none">- Kan lesa ukjente ord som ikkje er lydrette- Kan lesa dei fleste vanlege ord raskt, direkte og utan lydering	<ul style="list-style-type: none">- Kan lesa og følgja enkle instruksjonar- Oppfattar den raude tråden i ei historie- Prøver å forstå innhaldet i ulike tekstar eller oppgåver før ho/han spør om hjelp- Kan trekka informasjon ut frå ulike tekstar (t.d. fagtekstar, tabellar, skjønnlitterære tekstar)	<ul style="list-style-type: none">- Klarer "å lesa i slange" utan å mista kvar ho/han er (Elevane i klassen les ein setning kvar av ein tekst)- Korrigerer dei fleste feillesingar spontant- Les aldersadekvat litteratur- Rekk å lesa teksting på TV- Kan lesa med innleving etter å ha lese teksten 3-4 gonger	<ul style="list-style-type: none">- 5.1: Antal parate ordbilete aukar. Fleire ord blir kjende igjen med ein gong, gjeld og uregelrette ord (220 ords-lista)- 5.2: Tileignar seg kunnskap om lesing av ord med enkel- og dobbel konsonant- 5.3: Bruker fonologisk strategi som "back-up" ved vanskelege ortografiske mønster (t.d. "beherskelse")- 5.4: Stoppar opp og studerer nye og ukjente ord, les om igjen og korrigerer seg sjølv- 5.4: Les ord-for-ord med god kontroll- 5.6: Kan lesa enkle tekstar og svara på "akkurat der"-spørsmål, og tenk og leit-spørsmål- 5.7: Kan laga spørsmål til teksten dei har lese, "akkurat-der-spørsmål" (Foss)



Leseutvikling

Forventa nivå etter 5. trinn

Ordavkoding	Leseforståing	Leseflyt	SOL
<ul style="list-style-type: none">- Har funksjonelle strategiar for å lesa samansette ord- Har funksjonelle strategiar for å lesa framandord	<ul style="list-style-type: none">- Kan bruka BISON- Kan kopla på førkunnskapar når lærar ber om det- Spør når det dukkar opp setningar eller ord ho/han ikkje forstår- Kan leitelesa raskt og effektivt- Kan diskutera kva ein tekst handlar om- Kan lesa oppslag som er tilrettelagt for born på nettet og finna informasjon i digitale tekstar	<ul style="list-style-type: none">- Les aldersadekvat litteratur (t.d. Bjørn Sortland, Roald Dahl)- Rekk å lesa teksting på TV	<ul style="list-style-type: none">- 6.1: Har automatisert dei komplekse grafema (t.d. skj, hj, ng, spr, kn)- 6.2: Ordavkodinga er automatisert og krev lite kognitive ressursar- 6.3: Les dei fleste vanlegaste orda rett (500 ords lista)- 6.4: Les enkel/dobbel konsonant rett (par-ordliste/Aski-Raski)- 6.5: Meistrar lesing av ukjente, lange eller samansette ord- 6.6: Les ikkje lenger ord for ord, men bind orda saman til meiningsberande einingar, setning-for-setning- 6.7: Har naturleg pause ved teiknsetjing (komma, punktum)- 6.8: Oppfattar den raude tråden i eit enkelt hendingsforløp og les tilpassa tekstar med forståing. Kan svara på "i-hovudet-spørsmål" (Foss)- 6.9: Kan attfortelja frå ein eigenlesen tekst (t.d. stillelesingstekst)- 6.11. Meistrar aldersadekvat rettskriving samt dei vanlegaste formene for teiknsetjing

Leseutvikling

Forventa nivå etter 6. trinn

Leseforståing	Leseflyt	SOL
<ul style="list-style-type: none"> - Les og forstår tekstar frå aviser i papir og på nett - Kan bruka ulike strategiar for å skriva/fortelja om innhaldet i lengre tekstar (t.d. tankekart, nøkkelord) 	<ul style="list-style-type: none"> - Les bøker med meir enn 150 sider med nesten bare tekst - Konsentrerer seg ikkje lenger om avkodinga, berre om opplevinga og forståinga - Kan lesa og følgja instruksjonar, oppskrifter og brukar-rettleiingar 	<ul style="list-style-type: none"> - 6.5: Meistrar lesing av ukjente, lange eller samansette ord - 6.7: Har naturleg pause ved teiknsetjing (komma, punktum) - 6.8: Oppfattar den raude tråden i eit enkelt hendingsforløp og les tilpassa tekstar med forståing. Kan svara på "i-hovudet-spørsmål" (Foss) - 6.10: Kan lesa og forstå enkle skriftlege instruksjonar - 6.11: Meistrar aldersadekvat rettskriving samt dei vanlegaste formene for teiknsetjing

Leseutvikling

Forventa nivå etter 7. trinn

Leseforståing	Leseflyt	SOL
<ul style="list-style-type: none">- Kan teikna eit kart (tidslinje, teikneserie) over hendingar eller skriva/fortelja om innhaldet i ein lengre tekst- Prøver å finna fleire kjelder som kan belysa eit tema- Les og forstår tekstar frå aviser i papir og på nett- Oppsøker sjølv nettaviser	<ul style="list-style-type: none">- Les bøker med nesten berre tekst- Konsentrerer seg ikkje lenger om avkodinga, berre om opplevinga og forståinga- Les litteratur i mange ulike sjangrar	<ul style="list-style-type: none">- 7.1: Setningslesinga er automatisert- 7.2: Aukar lesefarten på stadig vanskelegare tekstar utan at det går ut over sikkerheit og forståing- 7.3: Er i stand til å oppnå god leseflyt, les heile avsnitt flytande og med god intonasjon (på aldersadekvate tekstar)- 7.4: Kan lesa og følgja skriftlege oppgåver og instruksjonar



Leseprosjekt:

På kvart trinn skal det vera minst eitt leseprosjekt i løpet av året.

1. trinn: «Verdas dyr»

2. trinn: «Dei hemmelege romma» - presentasjon av biletbøker

3. trinn: Prosjekt biletbøker - lesa for elevar i barnehagen som skal starta på skulen neste haust

4. trinn: Eg les, eg les!

5. trinn: Roald Dahl

6. trinn: Grøss og gru, Erobra Europa

Bokslukarprisen (påmelding)



7. trinn: Spor i ord og Tid for tid (nynorsk utdrag og påmelding)

Heile skulen: Leseveke, lesa for å læra, oppleva og gjera!

Læringsstrategiar

1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn
Teikne/tankekart Læresamtale Førlesing Fisken BO	Teikne/tankekart Læresamtale Førlesing Fisken BO	Teikne/tankekart Læresamtale Førlesing Fisken BO VTL-skjema (veit, trur, lært) Bildenotat Prosessnotat (matte) Parkeringsplassen	Teikne/tankekart Læresamtale Førlesing Fisken VTL-skjema Bildenotat Prosessnotat Parkeringsplassen Styrkenotat/ spoletekst FOSS Bison Nøkkelord/nøkkelsetningar

5. trinn	6. trinn	7. trinn
Teikne/tankekart Læresamtale Førlesing Fisken VTL-skjema Bildenotat Prosessnotat Parkeringsplassen Styrkenotat/ spoletekst FOSS Bison Nøkkelord/nøkkelsetningar Venndiagram Strukturert tankekart	Teikne/tankekart Læresamtale Førlesing Fisken VTL-skjema Bildenotat Prosessnotat Parkeringsplassen Styrkenotat/ spoletekst FOSS Bison Venndiagram Strukturert tankekart Nøkkelord/nøkkelsetningar To- og fleirkolonnenotat	Halda vedlike og vidareutvikla innlærte strategiar, gjera eigne strategival

Når ein skal læra ein ny strategi:

1. Introduser strategien
2. Modellør strategien
3. Lærarstyrt rettleiing
4. På eiga hand

FORELDREMØTA – HAUSTEN

Lesing skal vera tema på alle foreldremøta om hausten.

Ein skal bruka powerpoint-presentasjonane som ligg under SOL på fellesområdet. Det er egne presentasjonar til kvart trinn.

1. og 2. trinn skal og visa SOL-filmen (denne er i admin)

Det skal informerast om at skulen har egne leselærarar som har lesekurs for elevar som treng ekstra oppfølging av lesinga.



KURS

Skulen har egne leselærarar på 1. – 2. trinn samt 3. – 4. trinn. Desse lærarane har som ein stor del av jobben sin, å driva med lesekurs. Elevane på 5. – 7. trinn får tilbod om kurs etter behov.

Målet med denne satsninga er at me skal klara å hjelpa flest mogleg av elevane våre til å bli gode og funksjonelle lesarar.

Det er lærarane på trinnet som saman med leselærarane, vurderer kven som skal gå på kurs. Alt dette skjer sjølvstøtt i samarbeid med føresette.

Kvart kurs varer 6-8 veker, og elevane kan få gå på kurs fleire gonger i løpet av eit skuleår. Kursa er timeplanfesta.

I forkant og etterkant av kursa, blir det gjennomført kartleggingar av elevane for å finna ut om elevane har hatt utbytte av kursa.

Dokumentasjon på gjennomført kurs samt kartleggingar, skal lagrast i elevmappene.



Å arbeida med lesing - på alle trinn:

- *Alle lærarane skal arbeida med lesing, uavhengig av kva fag dei underviser i.*

- Lærarane på trinna må samkøyra kva som blir vektlagt i samband med lesing for å få til felles «trykk».

- Ein skal ha leselekser i fag der det er naturleg.

- Det skal vera lesemål eller lesebestilling på vekeplanane på dei ulike trinna.

- Leserettleiing til foreldre på vekeplanen ved behov.

- Det skal setjast av tid til lesing kvar dag på alle trinn.

- Alle elevane skal SOLast . SOLinga skal føregå heile skuleåret. Resultata frå SOLinga skal leggjast inn digitalt minst to gonger i året. Det er kontaktlærarane som har hovudansvaret for solinga. Elevane må vera ferdig sola til utviklingssamtalane haust og vår.

- Elevane skal få konkrete framovermeldingar på lesinga.

- Det skal vera jamnleg presentasjon av bøker på trinna (både fagbøker og skjønnlitterære bøker).

- Det skal brukast lærevenn i samband med lesing av tekstar.

- Bøker bør vera synlege i klasseromma.

Leseflyt:

- For å bli ein god lesar, må det lesast mykje
- For å lesa teksting av ein film, må ein lesa litt over 100 ord pr. minutt
- Ein 10-åring bør lesa ca. 120 ord pr. minutt
- Lesinga går lett når ein les over 140 ord pr. minutt
- Normal lesefart for ein vaksen er minst 250 ord pr. minutt

Å lesa med flyt betyr at lesaren kan:

- Plassera både trykk og tonefall på ein måte som viser at ho/han forstår kva enkeltord betyr, at dei forstår meiningsberande ord og uttrykk
- Utnytta informasjon frå komma, punktum, utrops-, spørje- og hermeteikn
- Variera stemma for å framheva sentrale poeng
- Vurdera kvar det er naturleg å leggja inn pausar

Vanskegraden på tekstane bør liggja innanfor elevane si utviklingsone, som betyr at 85-90% av teksten skal lesast sikkert og med god flyt.



SKULEBIBLIOTEKET:

- «Dagens born vil ha dagens bøker» - me skal ha bøker på biblioteket som er tilpassa elevane våre. Dette gjeld både målform, sjanger og nivå.
- Biblioteket skal brukast til både låning og lesing.
- Elevar frå 7. trinnet skal vera bibliotekassistentar. Dei som skal vera bibliotekassistentar, må søka på jobben. Dei får eigne skilt dei skal ta på seg når dei er på jobb. 2-3 assistentar har ansvar for kvar sin vekedag (i matfriminutta).
- Bibliotekassistentane skal rydda, setja bøker på plass i hyllene, fiksa øydelagde bøker, laga utstillingar og bokpresentasjonar.
- Bibliotekassistentane skal førebu bokpresentasjonar for elevar på 1. – 6. trinn. Minst ein gong i året skal dei inviterast inn i klasseromma til yngre elevar for å presentera bøker.



Forslag til høgtlesingsbøker:

1. – 2. trinn:

Fransbøkene, Gummitarzan, Flekken, Slagen i graset, Ruffen, Venner, Jeg kan, Tambar-bøkene, bøker av forfatteren Gro Dahle samt illustratøren Svein Nyhus, Johannes Jensen-bøkene, Bukkene Bruse på badeland, Den vesle bjørnen og den vesle tigeren, Den store krokodillen, Odd er et egg, Tigli, Jakob og Neikob, Jeg vil spise et barn, Flekkmonsteret, Laban spøkelse, Albert Åberg-bøkene

3. – 4. trinn:

Doktor Proktor av Jo Nesbø (finst og film), Hubert av Arne Svingen, Rampete Robin, Lasse og Majas detektivbyrå (finst og film), Svein og Rotta (finst og film), Gummi Tarzan og Otto er et Neshorn av Ole Lund Kirkegaard, Kurt blir grusom av Erlend Loe, Den store rompeboka, Georgs magiske medisin av Roald Dahl (finst og film), Mio min Mio av Astrid Lindgren, Den onde greven, Pulverheksa, Fransbøkene, Den grønne votten, Oldemor Rock, Ruffen av Tor Åge Bringsværd

5. – 7. trinn:

Svarte Mathilda, Svingens mørke verden, Auda, neida, javelda, Jeg er in love, Eva og Adam, Skammerens dotter, Bukkene Bruse på badeland, Reven og grisungen, Tsasiki-bøkene, Nisser uten grenser, Kafe haletipp

Kjelder:

Hefte frå Lesesenteret

Leseplan, Bøleråsen skole

Leseplan Hamar kommune, Greveløkka- og

Rollsløkken skole

Vedlegg 1:

Informasjon om lese/matte/engelsk kurs



Til.....

Bryne den.....

På bakgrunn av resultat på kartleggingsprøver og andre prøver, ser me at mange elevar treng å øva litt ekstra på å lesa/rekna/forstå engelsk. Skulen vil derfor dette året gje kurs til dei elevane som treng å trenast litt ekstra.

Ditt barn får i ein periode tilbod om kurs i: _____

Kurset er saman med andre elevar, i ein tidsavgrensa periode 2-3 gonger i veka med læringsøkter på om lag 30 min.

Kurset startar (dato)_____.

Læraren som skal ha kurset er: _____

Dersom du har spørsmål om dette, ta kontakt med underteikna eller den som skal ha kurset.

Med vennleg helsing

Kontaktlærer

Dato

Sett: _____

Underskrift føresette

Vedlegg 2:

Knyttneveprøven

1. Vel ei bok
2. Les på ei av sidene i boka
3. Bøy ein finger:
 - a) når eit ord er vanskeleg å lesa
 - b) når eit ord er vanskeleg å forstå
4. Har du bøygd heile handa før sida er lesen ferdig, kan du:
 - a) prøva ei side til
 - b) finna ei lettare side
 - c) seia ifrå til lærar



Vedlegg 3:

Strategiar for å læra nye ord:

Dersom det dukkar opp eit ord eg ikkje forstår, kan eg....

- Les ordet ein gong til og sjekka om eg har lese rett

Dersom det ikkje hjelper, kan eg...

- Les heile setninga ein gong til

Dersom det ikkje hjelper, kan eg...

- Les vidare, kanskje blir ordet forklart seinare

Dersom ordet ikkje blir forklart i teksten, kan eg.....

- Slå opp i ordboka og/eller spørja medelevar

Dersom eg framleis ikkje har funne ei forklaring, kan eg spørja lærar

(Frå Leselosheftet s. 53)

Lesehjelparen

Før du les:

Sjå på tittelen og framsida. Kva fortel dei?

Sjå på bileta. Kva fortel dei?

Tenk gjennom kva du trur teksten kjem til å handle om. Kvifor trur du det?

Når du les:

STOPP OPP

...og tenk på det du har lese

...og tenk på kva dette minner deg om

...og lag spørsmål i hovudet ditt

...og tenk på kva du trur skjer vidare

-når du lurar på noko,
når du ikkje forstår,
når du liker veldig godt det
du les.

-noko du kjenner igjen?
noko du har sett før?
noko du har høyrte før?
noko du har lese om tidlegare?

-tekstspørsmål har svaret i teksten,
tanke spørsmål kan du svare på med
dine eigne tankar.

Etter at du har lese:

Snakk med ein annan om det du har lese

(Snakk med deg sjølv viss du ikkje
har nokon andre å snakke med)

Vis nokon andre kva du har lært

-Kva var det egentleg dette handla om?
Blei det slik du trudde det skulle bli?

-Fortel om det du har lese.
Bruk spørjeforda kven, kva, kor,
korleis og kvifor.

Kvifor er denne teksten kjekk, grusom,
trist, spennande, morsam, kjedeleg...

Vedlegg 5:

TIPS TIL FØRESETTE:

«Barn som les på skulen og fritida – og som får lesa høgt kvar dag, blir ofte gode lesarar»

Bruk tid saman med barna dykkar kvar dag! Sett deg saman med den som les.

1. Førebu lesinga saman: Sjå på og bla gjennom teksten. Sjå berre på overskrifter, innleiingar til avsnitt og bilete.
2. Etter at de har sett på m.a. overskrifter, spør om ditt barn klarer å tenka seg kva innhaldet i teksten handlar om.
3. Be ditt barn stilla spørsmål når noko er uklart, prøv om de saman kan finna svaret eller ta spørsmålet med tilbake til læraren.

Vedlegg 6:

Strategiplan begynneropplæring

Lese- og skriveopplæring på Bryne skule, 1. trinn og 2. trinn

Overordna mål: Alle elevar på Bryne skule skal få ei framtidsretta lese- og skriveopplæring som gjer at dei får ut sitt potensiale som lesarar og skrivarar.

1. trinn

Mål:

Elevane skal bli kreative og glade lesarar og skrivarar

Det skal foregå tekstproduksjon tidleg i 1. klasse

STL+ skal vera ein naturleg del av ulike fag (norsk, samfunnsfag, naturfag, KRLE)

Rammer:

Det skal vera leselærer i 50% stilling på 1. trinn som skal vera pådrivar for STL+

STL+ skal ein starta med etter haustferien

Når ein har STL+, skal ein ha stasjonsundervisning, 15 min på kvar stasjon. Ein stasjon med STL+/veileda skriving og ein stasjon med veileda lesing. (2 gonger i veka)

Når ein har STL+ skal ein tilstreba å ha to vaksne i klassen.

Rutinar:

Ein skal sikra at trinna som arbeidar med STL+ har felles forståing for kva dette er (ansvar: leselærer)

Den skrivne teksten bør brukast i undervisninga

Handskrift skal nedtonast

Ein skal ikkje starta med diktat og finskrift i 1. klasse

Ein skal variera kva sjanger ein skriv i

Nysgjerrigper og andre prosjekt skal vera del av STL+

Tekstar frå Lesebok A og Lesebok B skal brukast i den begynnande leseopplæringa

2. trinn:

Mål:

Elevane skal bli kreative og glade lesarar og skribarar

STL+ skal vera ein naturleg del av ulike fag (norsk, samfunnsfag, naturfag, KRLE)

Elevane skal skriva i ulike sjangrar tidleg på 2. trinn

Elevane skal arbeida med rettskriving tidleg på 2. trinn

Rammer:

Det skal vera leselærer i 50% stilling på 2. trinn som skal vera pådrivar for STL+

Ein bør ha STL+/veileda skriving to gonger i veka på stasjonar

Når ein har STL+ skal ein tilstreba å ha to vaksne i klassen

Rutinar:

Den skrivne teksten bør brukast aktivt i undervisninga med tanke på m.a. rettskriving

Finskrift og diktat bør ikkje ha fokus, men ein skal starta arbeidet med å få ei funksjonell handskrift (stavskrift)

Veileda lesing må vektleggjast

Det må arbeidast med refleksjon rundt tekst og bilete; strategisk lesing

Leseleksene skal variera mellom tekniske leselekser og leselekser som har fokus på refleksjon (t.d. fagtekstar og faktatekstar)

Leseleksene skal variera mellom tekniske leselekser og leselekser som har fokus på refleksjon (t.d. fagtekstar og faktatekstar)

